

# Vedtekter



Rev. 2: Vedtatt på årsmøte 13.02.2010, erstatter rev. 1, 27.02.2009

## **§ 1**

Foreininga sitt namn er Etne Jeger- og Fiskerforening (EJFF).

## **§ 2**

Foreininga sitt hovudformål er:

- Å vera ein aktiv interesseorganisasjon som ivaretar medlemmene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv.
- Å arbeide for at det enkelte menneske skal læra seg å forstå ansvaret sitt for den levande natur som omgir oss, verdien av ansvarsbevisst jakt og fiske, og ved å vise omsyn til alt levande i all vår ferdsel i skog og mark.
- Å lette medlemmene sin tilgang til å drive jakt og fiske, om nødvendig ved å leige jaktterreng, fiskevatn og elvar som blir stilt til medlemmene sin disposisjon, samt ved å drive kulturarbeid for å halde vedlike og bygge opp fisk- og viltbestanden innan foreininga sitt arbeidsområde.

## **§ 3**

Alle som er busett i Etne kommune kan bli medlem. Medlem som flyttar frå Etne kan fortsatt vera medlem. Dersom eit medlem ynskjer å gå ut av foreininga, skal dette meldast skriftleg til styret innan utgongen av året. Viss ikkje vil medlemskapen også gjelda for året etter. Eit ubetalt medlemskap vil likevel ikkje gi rett til å vera med på trekning av fiskedøgn.

## **§ 4**

Medlemmene som måtte få kjennskap til ulovlig jakt eller fiske har plikt til å melde frå om dette til foreininga sitt styre.

## **§ 5**

Medlem som har forbrote seg mot foreininga sitt føremål eller lover og reglar, kan ekskluderast av styret. Medlemmen kan anke saka inn til årsmøtet.

## **§ 6**

Foreininga sine leiande organ er:

- a) Årsmøte
- b) Ekstraordinært årsmøte
- c) Styret

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 15. mars.

Styret skal kalle inn til årsmøte med minst 14 dagars varsel.

Saker til årsmøte skal vera styret i hende seinast 1 månad før møtet skal haldast.

Fylgjande saker skal handsamast:

1. Godkjenning av møteinnkalling
2. Val av møteleiar
3. Val av sekretær
4. Val av to personar til å skrive under protokollen
5. Årsmelding
6. Rekneskap
7. Innkomne saker med styret sitt forslag til vedtak.
8. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden.
9. Fastsetting av medlemskontingent
10. Val av styre
11. Val av utval
12. Val av valnemnd
13. Val av to revisorar
14. Val av eventuelle andre verv
15. Eventuelt utnemning av æresmedlem
16. Eventuelt forslag om vedtektsendringar

Det skal førast protokoll frå møte.

### **§ 7**

Dersom ikkje anna er vedtatt, skal alle saker avgjerast med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal vil stemma til møteleiar telja dobbelt. Val bør skje skriftleg om det ligg føre fleire forslag og om nokon krev skriftleg avstemming. Styret i laget har ikkje stemmerett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.

### **§ 8**

Ekstraordinært årsmøte vert kalla inn når styret finn det ynskjeleg, eller når eit tidlegare årsmøte har gjort vedtak om det, eller dersom det vert framsett skriftleg krav frå minst 1/3 av medlemmene. Det vert kalla inn med same varsel og på same måte som for ordinært årsmøte. Møtet skal ikkje gjera vedtak i andre saker enn den/dei som står på saklista.

Det skal førast protokoll frå møte.

### **§ 9**

Laget vert leia av eit styre på 7 medlem og 3 varamedlem som skal velgjast for 2 år om gongen. Leiar, eit styremedlem, leiar av eit utval og to varamedlem blir valde i oddetalsår, resten blir valde i partalsår.

Styret si samansetning:

- Leiar
- Styremedlem
- Styremedlem
- Styremedlem
- Leiar Miljø- og Ungdomsutval
- Leiar Jakt- og leirdueutvalet
- Leiar Fiskeutvalet

Ved konstituering skal styret sjølv velja kasserar, sekretær og nestleiar.

Styremøte vert halde når leiar fastset det, eller når minst 3 av styremedlemmene krev det. Styret er vedtaksført når minst 4 medlem møter. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal vil leiar si stemme tella dobbelt. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.

### **§ 10**

For å avlaste styret sitt arbeid skal det velgjast 3 arbeidsutval, kvart på 3 medlem med 2 varamedlem.

Disse utvala er:

- Miljø- og Ungdomsutvalet
- Jakt- og leirdueutvalet
- Fiskeutvalet

Utvalsmedlem og varamedlem skal velgjast for 2 år på årsmøte. For å sikre kontinuitet skal halvparten velgjast for 1 år første gongen.

### **§ 11**

Styret sine plikter er å:

1. Verna om laget sine interesser, forvalte midlane og handheve vedtekten.
2. Førebu, handsame og fatte vedtak i saker som er av interesse for laget.
3. Legge fram for årsmøtet melding om aktiviteten i laget og revidert rekneskap.
4. Legge fram for årsmøtet eventuelle forslag om utnemning av æresmedlemmer.
5. Sende årsmelding, ajourført liste over tillitsvalde og rekneskap til NJFF og HJFF innan 31. mars kvart år.
6. Arbeide for lags- og medlemsfordelar, herunder sjekke ut kor det er mogleg å motta økonomisk støtte.
7. Ta vare på laget sitt arkiv (om mogleg, levera til lokalhistorisk arkiv i kommunen).
8. Syte for at laget vert drive på ein aktiv og god måte for å nå målsetjingane.

## **§ 12**

Medlemmene har førsteretten til å utøve jakt- og fiske innanfor dei område som foreininga til einkvar tid måtte disponere. For dei jakt- og fiskeområde som foreininga måtte disponera, skal det skrivast ut jakt- og fiskekort. Ingen har rett til å utøve jakt eller fiske utan på førehand å ha løyst kort. Jakt- og fiskekort skal alltid takast med under jakt- og fiske, og skal leggjast fram når dette blir forlangt.

Medlem som har vist illojal oppførsel, eller på annan måte har motarbeidd foreininga sine interesser, kan av styret bli nekta å få løyst jakt- og fiskekort.

## **§ 13**

Laget sitt rekneskap fylgjer kalenderåret. Rekneskapen skal reviderast av to revisorar som er valde av årsmøtet. Revisorane gir innstilling om rekneskapen til årsmøtet. Laget dekkjer reiseutgiftene og eventuelle andre utlegg som laget sine styremedlem og andre personar har i laget si teneste.

## **§ 14**

Dersom det ligg føre eit grunngjeve forslag om oppløysing av laget vil saka krevje 2/3 fleirtal i to ordinære årsmøte etter kvarandre.

Dersom det vert vedteke å oppløyse laget, skal laget sine midlar disponerast av ein nyopprettet stifting med same formål som nemnt i § 2.

Stiftinga skal bestå av 3 medlemmer som skal velgjast av årsmøte.